

Arkivnr: 2015/1434-765

Saksbehandlar: Ole Vegard Skauge

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Fellesnemnda		23.05.2019
Fylkestinget i Hordaland		12.06.2019

**Fylkesvåpen for Vestland fylkeskommune****Samandrag**

Prosjektleiari la fram fagkomiteén si tilråding til fylkesvåpen for Vestland fylkeskommune i fellesnemnda sitt møte 19.21.1028. Fellesnemnda gjorde vedtak om at det skulle arbeidast vidare med fylkesvåpenet.

Prosjektleiari la fram nye motivforslag, og ein variant av vinnarforslaget, til arbeidsutvalet (FN-AU) sitt møte 26.03.2019. Arbeidsutvalet gjekk inn for at det skulle utarbeidast fargealternativ av varianten av vinnarforslaget, der eitt av alternativa skulle være grønt og blått, og at dette skulle leggjast fram for fellesnemnda.

Prosjektleiari utarbeidde 6 fargevariantar, jf. saksutgreiinga, kap. 3.

- Dei mest opplagte framstillingane av fjordlandskapet, heraldisk grønt/sølv og heraldisk blått/sølv er fargealternativ 1 og 3.
- Fargevariantant 4 og 5 er i blått/grønt, og i rødt/gull.
- Fargealternativ 2 og 6 er mørkare variantar av dei 2 heraldiske alternativa, altså djup grønt/sølv og djup blå/sølv.


Etter ei heilskapleg vurdering er kombinasjonane djup grønt/sølv og djup blå/sølv vurdert av prosjektleiari som dei beste. Sølv kan framstillast med enten grått, kvitt eller sølv, etter kva underlag ein har:



Den blå varianten, fargealternativ 6, er totalt sett vurdert som den beste. Den er meir stabil enn fargealternativ 2 i møte med andre fargar, i dei mange samanhengane det skal opptre i, og er meir fleksibelt

i høve til grafisk profil. Prosjektlear ser også at nabofylka langs kysten, Rogaland og Møre og Romsdal, har blå farge i sine fylkesvåpen.

Prosjektlear viser til saksutgreiinga nedanfor, og tilrår varianten av fagkomitéen sitt tilrådde vinnarforslag, fargealternativ 6 i djup blå og sølv, til fylkesvåpen for Vestland fylkeskommune:



**Prosjektlear rår fellesnemnda til å gjere følgjande vedtak:**

Fellesnemnda rår fylkestinga i Sogn og Fjordane og Hordaland til å vedta varianten av fagkomitéen sitt tilrådde vinnarforslag, med fargealternativ 6 (djup blå/sølv), til fylkesvåpen for Vestland fylkeskommune.

Rune Haugsdal  
prosjektlear

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift*  
**Prosjektlear, 06.05.2019**

**1 BAKGRUNN FOR SAKA**

Val av fylkesvåpen har vesentleg betydning for samanheng og heilskap for grafisk profilering og identitet for heile den nye fylkeskommunen. Fellesnemnda har difor lagt til grunn at fastsetjing av fylkesvåpen for Vestland fylkeskommune må avklarast så raskt som mogeleg, og vedtok i møte 18.12.2017 følgjande i sak PS 7/17 Fylkesvåpen – utforming og fastsetjing:

«1. Fellesnemnda gjev arbeidsutvalet (FN-AU) mandat til å arbeide vidare med forslag til fylkesvåpen for den nye fylkeskommunen i samarbeid med fylkesrådmennene/prosjektleiar.

2. Arbeidsutvalet legg fram forslag til vedtak av nytt fylkesvåpen i fellesnemnda 3. kvartal 2018.»

I den gamle ordninga var det slik at fylkesflagg som skulle nyttast på offentlege bygningar, eigedomar og institusjonar, vart godkjent av Kongen, jf. lov 29. juni 1933 nr. 2. Eit nytt regelverk vart gjeldande frå 1. januar 2018 og inneber at den statlige godkjenningsordninga for fylkeskommunale flagg og våpen vart oppheva, og at fylkestinga har eksklusiv kompetanse til å vedta flagg og våpen, jf. kommunelova § 3, 6. ledd:

*«Kommunestyret selv fatter vedtak om kommunevåpen og kommuneflagg. Fylkestinget selv fatter vedtak om fylkesvåpen og fylkesflagg.*

*Kommunale og fylkeskommunale våpen og flagg skal ikke være egnet til å forveksles med eksisterende kommunale eller fylkeskommunale våpen eller flagg, eller annet tegn omfattet av straffeloven § 165 bokstav b og § 166, et statsflagg, eller noe som er egnet til å oppfattes som slikt tegn eller flagg.*

*Kommunen og fylkeskommunen skal uten ugrunnet opphold sende vedtatte våpen og flagg til Arkivverket. Arkivverket skal publisere våpen og flagg uten ugrunnet opphold. Departementet kan gi forskrift om innsendingen og publiseringen.»*

Sjå meir her:

<https://www.regjeringen.no/no/tema/kommuner-og-regioner/kommunereform/Nyheter-kommunereform/kommunevapen-og-kommuneflagg/id2558418/>

## 2 PROSESS OG TIDLIGARE VEDTAK

### 2.1 Organisering av arbeidet med nytt fylkesvåpen

I fellesnemnda sitt vedtak om fylkesvåpen, 18. desember 2017, vart det lagt til grunn at det skal utformast eit nytt fylkesvåpen for den nye fylkeskommunen. Det er dermed ikkje aktuelt å nytte eitt av dei eksisterande fylkesvåpna som fylkesvåpen for den nye fylkeskommunen. Det vart lagt opp til ein open og inkluderande prosess for utforming av den nye fylkesvåpenet, og at eit nytt fylkesvåpen for den nye fylkeskommune skal kommunisere og vere identitetsskapande på ein god måte med innbyggjarane i det nye fylket.

Vestlandet fylkeskommune har ansvar for å sjølv utvikle og fastsetje eige våpen og flagg. Då eit våpenmerke ikkje er ein utskiftbar logo, men skal nyttast over ein lang periode, er kvaliteten på utforminga særst viktig. Det må difor gjerast ein grundig vurdering for nytt våpen og nyttast kompetente fagmiljø. Det er oppretta ein nettressurs av Arkivverket: <https://www.arkivverket.no/forvaltning-og-utvikling/kommunereform/kommunevapen>

Prosjektleiar etablerte eit eige prosjekt for arbeidet med nytt fylkesvåpen, organisert på følgjande måte:

*Prosjektorganisering:*

<b>Prosjekteigar</b>	Fellesnemnda.
<b>Prosjektstyringsgruppe</b>	Arbeidsutvalet til fellesnemnda (FN-AU).
<b>Prosjektleiing</b>	Prosjektleiар.
<b>Prosjektgruppe</b>	Representantar frå dei to fylkesrådmennene.
<b>Fagkomite/jury</b>	Ein fagkomite/jury med kompetanse innan kunst, historie, heraldikk og kommunikasjon vurderer og tilrår val av alternativ. Samansetjing av denne fagkomiteen vert lagt fram som eiga sak for FN-AU innan 2. kvartal 2018.

*Overordna prosjektplan:*

<b>Etablering av prosjektgruppe</b>	februar 2018
<b>Symboltilfang</b> Prosjektgruppa vurderer historiske motiv, samtidsmotiv, landskapstema som sameinande symbol for forslag til motiv i open innspelsprosess.	februar – mars 2018
<b>Open innspelsprosess</b> Brei prosess, der alle innbyggjarane vert invitert til å gje innspel til våpenmotiv (i samarbeid med regionalt dekkande media, som NRK Vestlandsrevyen, Bergens Tidende m.m.).	april - mai 2018
<b>Designkonkurransen</b> Innspel til motiv som kjem inn i den opne prosessen vert vidareførte til inspirasjon i ein designkonkurransen. Forutan utforming av motiv må farge og metall veljast. Designbyråa tek ansvar for at heraldisk kompetanse vert nytta.	mai – august 2018
<b>Innstilling og vedtak</b> Fagkomiteen/juryen si tilråding blir lagt fram for styringsgruppa (FN-AU) som tilrår vidare til fellesnemnda. Fellesnemnda si tilråding vert lagt fram for fylkestinga for endeleg vedtak og fastsetjing av fylkesvåpen for den nye fylkeskommunen.	august – oktober 2018

For å oppnå aktivering og forankring av det nye fylkesvåpenet blant innbyggjarane, vart prosjektfasen forlenga til august 2018. Dette gjorde det dessutan mogeleg å gjennomføre pre-kvalifisering for designkonkurransen på ein forsvarleg måte. Arbeidsutvalet (FN-AU) og fellesnemnda (FN) vart orienterte i sine møte 15.juni og 22.juni om forskyving av prosjektet med eitt kvartal, og det vart lagt opp til følgjande handsaming av saka:

27.nov.	Arbeidsutvalet (FN-AU) handsamar tilråding til nytt fylkesvåpen
3.des.	Fellesnemnda (FN) handsamar tilråding til nytt fylkesvåpen
4.des.	Fylkestinget i Sogn og Fjordane vedtek nytt fylkesvåpen
11./12 des.	Fylkestinget i Hordaland vedtek nytt fylkesvåpen

## 2.2. Arbeidet i prosjektfasane

Prosjektleiар gjer her greie for arbeidet som er utført med nytt fylkesvåpen. Utgreiinga følgjer prosjektfasane. Det er lagt til eit ekstra kapittel 2.2.3 om fagkomiteen sitt arbeid. Fagkomiteen arbeidde med prosjektfasane open innspelsprosess, designkonkurransen og innstilling/vedtak, jf. prosjektplanen ovafor.

### 2.2.1 Etablering av prosjektgruppe

Det vart i februar 2018 sett ei prosjektgruppe med representasjon frå Hordaland og Sogn og Fjordane, som arbeidde i tråd med Arbeidsutvalet (FN-AU) sin prosjektplan. Prosjektgruppa har kompetanse frå kunst, kulturhistorie, grafikk og kommunikasjon.

### **2.2.2. Symboltilfang**

Prosjektleiari identifiserte og orienterte Fellesnemnda og arbeidsutvalet om aktuelt motivtilfang i februar-mars 2018. Motivtilfanget vart nytta som grunnlag for det vidare arbeidet med lokalisering og fastsetjing av fylkesvåpen i den opne innspelsprosessen og i designkonkurransen.

### **2.2.3 Etablering og organisering av fagkomité**

Fagkomitéen vart sett i arbeidsutvalet sitt møte 24.4.18, og vart samansett med rett kompetanse i høve til overordna prosjektplan. Fagkomitéen la til grunn saksdokumenta og symboltilfanget. Fagkomitéen si primære målsetting var å lokalisere motiv til fylkesvåpen for Vestland fylkeskommune i tråd med bestillinga frå Arbeidsutvalet (FN-AU) av 29.1.18. Desse motiva skulle formgjevast i designkonkurransen.

### **2.2.3 Open innspelsprosess**

Ei målsetting for prosjektfasen var å skape engasjement, medverknad og kjensle av identitet blant innbyggjarane i heile det nye fylket. Det vart utarbeidd fagleg rettleiing i innspelsprosessen for å auke sjansane for å få kvalitativt gode innspel som kan bli med vidare inn i designkonkurransen. Det vert lagt opp til enkle køyrereglar til korleis innsending skulle skje, og kva som skulle være med i eit innspel. Dette vert lagt ut på ein nettportal, saman med eit faktaskriv om det nye fylket, og lenker med rettleiing om heraldikk, motiv og fylkesvåpen:

<https://www.vlfk.no/kom-med-din-ide-til-nytt-fylkesvapen/>

Det vart arbeidd breitt med å skape engasjement om prosessen, gjennom å bruke den fulle breidda av kanalar og plattformer som var tilgjengeleg for administrasjonen.

Eit stort omfang av innspel vitnar om at kdet var eit betydeleg engasjement blant innbyggjarane i den opne innspelsprosessen. Det kom inn over 667 forslag frå innbyggjarane, pr. 15.august 2018. Innspela spegla prosentvist innbyggjartalet i dei to fylka på ein god måte. Det vart gjort ein ekstra innsats for å engasjere skuleelevar i fylka, og det kom forslag frå skuleklassar frå nord til sør. Alle innspel er arkiverte, og utgjer eit interessant materiale i seg sjølv:

[https://www.vlfk.no/wp-content/uploads/sites/17/2018/08/Presentasjon\\_forslag\\_fylkesvapen\\_4.pdf](https://www.vlfk.no/wp-content/uploads/sites/17/2018/08/Presentasjon_forslag_fylkesvapen_4.pdf)

Materialet viste stor breidd i motivtilfanget, men fjord, fjell, båt eller skip, paraply, vatn, øks, ørn, løve og krone peika seg ut som populære motiv. Fjord var det desidert mest populære, og var ofte representert saman med fjell.

I andre fase av den opne innspelsprosessen vart det halde ei nettavstemming der innbyggjarane kunne stemme på sin favoritt. I tillegg til fagkomitéen vart ein folkejury etablert, som var representativ for samansetninga av innbyggjarane i fylket: <https://www.vlfk.no/bli-med-i-folkejuryen/>

Folkejuryen valde 10 forslag som innbyggjarane kunne stemme på, og fagkomitéen gjorde det same. Til saman vart 18 av dei innkomne forslaga lagt ut til nettavstemming, der innbyggjarane i fylka stemte fram det dei ynskjer skal være fylkesvåpen.

Desse 18 forslaga kunne innbyggjarane stemme på:



Det var stort engasjement også i folkerøystinga, 6471 stemmer kom inn. Vinnarforslaget fekk 1632 stemmer:



Vinnarforslaget frå den opne innspelsprosessen vart lagt fram for fagkomitéen for reell vurdering, i tillegg til forslaga som kom frå designkonkurransen. Forslaget vart vurdert av fagkomitéen som ikkje eigna. Det er i ettertid kome fram uvisse om opphavsretten til forslaget. Med bakgrunn i dette har prosjektleiar valt å ikkje gå vidare med vinnarforslaget.

#### **2.2.4 Designkonkurransen - gjennomføring**

Designkonkurransen hadde pre-kvalifisering i juli og august 2018, og prosjektleiinga og fagkomitéen valde 5 designbyrå til å formge motiva frå fagkomitéen, og i tillegg kome med 1 eige forslag.

Arbeidsutvalet (FN-AU) vedtok 24.08.2018 3 motiv etter tilråding frå fagkomitéen som skulle leggest til grunn for designkonkurransen.

Motivgruppe	Motiv	Utdjuping
Natur og landskap	Fjordar	Motivet skal ikkje vere ei attgjeving av kystlinja men ei abstrahering av fjord som fellesnemnar for dei to fylka som skal slå seg saman. Fjordane opnar opp for verda utanfor. Fylkesvåpenet skal ha fleire enn ein fjord.
Kultur og historie	Veband – samhald og semje	Vebandet var laga av vidjegreiner, og vart sett opp på tinget i ein sirkel når saker skulle drøftast. Dei som sat innanfor vebandet var fredheilage, og skulle snakka seg fram til semje. Slik sikra ein samhald og fred. Vebandet er kjent brukt på Gulating, som opphavelig omfatta Sogn og Fjordane og Hordaland, og er eit særtrekk ved området sin kulturhistorie.
Samtid	Bølgjer, foss, vind - energi	Bølgjer, foss og vind er kjenneteikn ved bevegelse, energi og dynamikk, og har forma regionen. Dei representerer både samtidige og framtidige ressursar.
Eige forslag		Designbyråa sto fritt til å levere eitt eige forslag kvar.

### 2.2.5 Designkonkurrans - fagkomiteen si tilråding

Fagkomiteén hadde møte 6.11.18 for å tilrå eitt forslag til fylkesvåpen. Dei innkomne forslaga frå designbyråa vart sortert som godt eigna, eigna og ueigna. 3 forslag var godt eigna, 1 forslag var eigna, dei resterande vart vurderte som ueigna.

Dei godt eigna forslaga er:

Tilbydar C: motivgruppe natur og landskap

Tilbydar C: eige forslag


Tilbydar E: motivgruppe samtid

Eit alternativ vart vurdert som eigna:



Tilbydar C: Samtid

På denne bakgrunn tilrådde fagkomiteen forslaget frå **Tilbydar C: motivgruppe natur og landskap** til fylkesvåpen for Vestland fylkeskommune. Dei 3 godt eigna forslaga, og det 1 eigna forslaget, vart vurdert og rangert slik av fagkomiteén:


#### Tilrådd forslag

Forslag	Grunngjeving og blasonering
<p><b>Tilbydar C</b> <b>Natur og landskap</b></p> 	<p>Motivet appellerer ved at linjene gjev eit fokuspunkt. Spissen som treffer skaper ein spenning og dynamikk. Det har ein god form og er eit enkelt men sterkt våpen. Klassisk heraldisk motiv – i ein heraldisk kontekst har det historiske røter samstundes som det er moderne. Fargebruken er tilpassa motivet. Det grønne gjev gode assosiasjonar til Vestlandet og til det velkjende frodige landskapet. Dette er ein farge som går igjen over heile fylket og vil vere samlande.</p> <p><b>Blasonering</b></p> <p>Venstre halvdel, skrådelt av sølv og grønt, høyre halvdel, første felt skrådelt av grønt av grønt og sølv, første felt delt av grønt og sølv.</p>

## Forslag som er godt eigna

Firma	Framlegg	Grunngjeving og blasonering
<b>Tilbydar E Samtid</b>		<p>Det er enkelt og har bevegersar, er attkjenneleg.</p> <p>Det er ein god stillisering og tolking av bølgjer og vind.</p> <p>Komposisjon er godt balansert.</p> <p>Klassisk og trygt men det er litt lite originalt.</p> <p>Fargane understrekar bølgjer, vind og energi.</p>
		<p><b>Blasonering</b></p> <p>På blå botn 3 x 3 sølv bølgjer.</p>
<b>Tilbydar C Eige forslag</b>		<p>Fin stillisering av dei tre fjordane og dei fire grønne delane. Det har ein balanse utan å bli for symmetrisk. Det er lett å forklare og lett å fatte. Motivet er tidlaust, og krev ingen spesifikke førehandskunnskapar.</p> <p>Komposisjonen vert litt flat.</p> <p>Fargebruken er tilpassa motivet. Det grønne gjev gode assosiasjonar til Vestlandet og til det velkjende frodige landskapet. Dette er ein farge som går igjen over heile fylket og vil vere samlande.</p>
		<p><b>Blasonering</b></p> <p>Kløyvd av sølv og grønt, i venstre felt tre sølv strenger, to i øvste halvdel og ein i nedste.</p>

## Forslag som er eigna

Forslag	Grunngjeving og blasonering
<b>Tilbydar C Samtid</b>	<p>Motivet er ein god ide og har ein viss bevegelse.</p> <p>Fargevalet gjev meining saman med motivet, med dei grønne liene som omgjev fossane. Det har ein umiddelbar appell, men står ikkje fram som originalt.</p> <p>Motivet er samlande. Motivet engasjerer ikkje.</p>
	<p><b>Blasonering</b></p> <p>I grønt tre sølv vertikale strengar, samla i stolpe og utbøygd mot skjoldfoten.</p>

Dei resterande forslaga vart vurdert som ueigna, og vart ikkje rangert av fagkomitéen. Prosjektlear har utført påkravd kontroll av om alternativa til Fylkesvåpen er i konflikt med andre våpen eller kjenneteikn, og har konkludert med at desse 4 alternativa ikkje er i konflikt med registrerte våpen eller varemerke.



### 2.3. Fellesnemnda sitt vedtak av 19.12.2018

Prosjektleiari la fram fagkomitéen si tilråding til arbeidsutvalet (FN-AU sitt møte 27.11.2019, med følgjande tilråding til vedtak:

1. Arbeidsutvalet vurderer fagkomitéen si tilråding og dei andre utgreiingane i prosjektet som tilstrekkeleg avgjerdsgrunnlag for val av fylkesvåpen for Vestland fylkeskommune.
2. Arbeidsutvalet rår Fellesnemnda til å legge fram alternativ **Tilbydar C Natur og Landskap** til fylkestinget for vedtak av fylkesvåpen for Vestland fylkeskommune.
3. Arbeidsutvalet rår til at prosjektleiar får i oppdrag å sikre formelle rettar knytt til det vedtekne fylkesvåpenet, og gjere det klart til bruk ved naudsynnte tilpassingar.

Arbeidsutvalet til fellesnemnda (FN-AU) gjorde 27.11.2019 prosessvedtak om å legge fram saka til Fellesnemnda sitt møte 19.12.2018 utan tilråding.

I møte 19. desember 2018 gjorde Fellesnemnda følgjande vedtak:

*«Fellesnemnda ber administrasjonen arbeide vidare med saka og jobbar fram med alternativ med utgangspunkt i dei forslaga som er kome fram i møtet.»*

Jenny Følling (Sp) sette fram slikt oversendingsforslag til administrasjonen:

*« 1. Fellesnemnda ber om forslag på alternative grønfargar på tilrådd alternativ – tilbydar C natur og landskap.*

*2. Fellesnemnda ber om at folkefavoritten vert bearbeidd vidare og framlegg på historisk samlande motiv.»*

Gunhild Berge Stang (V) sette på vegner av V, H og Frp fram slikt felles oversendingsforslag til administrasjonen:

*«Fellesnemnda vil i det vidare arbeidet med nytt fylkesvåpen gå vidare med Gulatinget, Onarheimsgildet, og St Sunniva. Tematisk skal ein vektlegge at det nye fylkesvåpenet speglar vilje til demokrati, folkevald makt og med referanse til vår felles historie.»*

Prosjektleiari la vedtaket til grunn for det vidare arbeidet.

### 2.4 Vedtak i Arbeidsutvalet (FN-AU) 26.3.2019

Prosjektleiari la fram ny sak om fylkesvåpen til Arbeidsutvalet (FN-AU) sitt møte 26.3.2019, der det vart gjort greie for utføringa av oppdraget frå Fellesnemnda av 19.12.2018, jf. følgjande:

#### 2.4.1. Bearbeiding av folkefavoritten

Prosjektleiari fekk oversendingsforslag om folkefavoritten utgreidd og konkluderte med at folkefavoritten ikkje bør førast vidare grunna risiko for konflikt med åndsverkløva.

#### 2.4.2 Alternative grønfargar på tilrådd alternativ – tilbydar C natur og landskap

Det vart utarbeidd 3 forslag til alternative grønfargar på tilrådd alternativ – tilbydar C natur og landskap. Det vart også utarbeidd 1 forslag med anna farge enn grøn.



### 2.4.3 Ny variant av vinnarforslaget

Prosjektleiar vart kjend med at det låg føre ein variant av vinnarforslaget, utarbeidd av designbyrået sjølv. Varianten vart av prosjektleiar vurdert til å ha potensiale til å kunne forbetre vinnarforslaget.






Prosjektleiar vurderte den til å være tydeleg og attkjenneleg. Den vart lagt fram for Arbeidsutvalet (FN-AU) for vurdering.

### 2.4.4 Nye forslag til fylkesvåpen

Den konkrete utarbeidinga av nye motivforslag var eit samarbeid mellom vinnaren av designkonkurransen, Neue designbyrå, og prosjektleiar. Det vart sett saman ei ressursgruppe for kvalitetsikring og innspel, til ei første siling av motivtilfanget. Ressursgruppa hadde kompetanse på heraldikk, historie, folkekunst, diplom og mellomaldersegl.

Prosjektleiar la til grunn vedtaket i fellesnemnda (FN-AU) av 19.12.2018 for det vidare arbeidet. Undervegs viste det seg utfordrande å finne eigna motiv knytt til St. Sunniva og Onarheim som svara til oppdraget frå Fellesnemnda, og til generelle krav til fylkesvåpen. For Gulating let ei rekkje aktuelle motiv seg identifisere. Prosjektleiar retta difor hovudinnsatsen mot motivkrinsen knytt til Gulatinget, og orienterte arbeidsutvalet (FN-AU) om dette i møte 4.2.2019.

Prosjektleiar la fram 3 motivskisser til arbeidsutvalet sitt møte 26.3.2019:

<p>Forslag A</p> <p>Gulating – landskapet</p>		<p>Forslaget viser det overordna landskapet i Gulen. Det er uvisst nøyaktig kvar Gulatinget vart halde, det kan også ha vore flytta. Motivforslaget viser dei dominerande landskapstrekka i området når ein kjem sjøvegen, som representantane gjorde. På denne måten framstiller forslaget det Gulating-representantane såg, og plasserer betraktaren i notid i same posisjon.</p> <p>Prosjektlear vurderer forslaget som vakkert og særeige, og med kobling til Gulating. Det er til dels utfordrande å få forslaget til å svare til alle krav.</p>
<p>Forslag B</p> <p>Gulating – 3 styrer saman</p>		<p>Forslaget viser at Fjordane, Hordaland og Sogn koplars seg. Motivforslaget er inspirert av folkekunsten si kopling av elementære figurar, og er framstilt i generell form.</p> <p>Prosjektlear vurderer forslaget som tydeleg og visuelt sterkt. Forslaget er historieforteljande, med ei god kopling til Gulating.</p> <p>Forslaget har potensiale for å kunne fungere i abstrakt form, som her, og har potensiale for å kunne fungere figurativt, jf, neste avsnitt.</p>
<p>Forslag C</p> <p>Gulating – 3 styrer saman</p>		<p>Forslaget viser at Fjordane, Hordaland og Sogn samlar seg til ein fylkeskommune, og gjev vekst (blomst).</p> <p>Prosjektlear vurderer forslaget som attkjenneleg og visuelt sterkt. Forslaget er historieforteljande, og viser Gulating i fortid og fylkeskommunen i framtid på ein klar måte.</p> <p>Forslaget har potensiale for å kunne fungere i abstrakt form, og for å kunne fungere figurativt. Forslaget byggjer på eit rikt motivtilfang i den høgverdige arkitekturen og kunsten, og i den folkelege kunsten på vestlandet, jf. neste avsnitt.</p>

### 2.4.5 Vedtak i Arbeidsutvalet (FN-AU) 26.3.2019

Arbeidsutvalet gjorde følgjande vedtak:

«Ny variant av vinnarforslaget – tilbydar C natur og landskap – vert lagt til grunn for utarbeiding av fargealternativ, og dette vert lagt fram for fellesnemnda.»



Prosjektleiar la dette til grunn for det vidare arbeidet, og har utarbeidd 6 fargeforslag.

## 3 Vurdering av fargealternativ

### 3.1 Blasonering og formelle krav

I heraldikken, læra av våpenskjold, er det blasoneringa – den tekstlege skildringa - som er det eigentlege våpenet. Motivet på skjoldet reknast for å være ei utteikning av våpenet. Blasonering er ikkje lenger eit påbod. Prosjektleiar har funne det rett at Vestland sitt fylkesvåpen skal ha blasonering, og har fått Norsk Heraldisk Forening til å utføre arbeidet. Fylkesvåpenet for vestland fylkeskommune har førebels følgjande blasonering:

*«Over en sølv skjoldfot venstre skrådelt av sølv og grønt, første felt skrådelt av grønt og sølv med dettes første felt delt av grønt og sølv.»*

Det er utført lovpålagt undersøking om forvekslingsfare med registrerte våpen og varemerke, i tråd med statlege retningslinjer. Det er ikkje funne forvekslingsfare, eller andre formelle hindringar for vedtak om fylkesvåpen.

### 3.2 Generelle krav og forventningar til fylkesvåpenet

Fylkesvåpenet vil få ein variert brukssituasjon i det offentlege rom. Det er viktig at våpenet får rett kontrast og balanse i fargesamansettinga, slik at våpenet vert gjenkjenneleg, lett å lese i fart, på avstand og i lite format. Det bør også, så langt det er mogeleg, ha ein fargesamansetting som svarer til UU-krav, og ikkje ekskluderer svaksynte.

Alle våpen skal etter den heraldiske tradisjonen bruke ein farge, eitt motiv og eitt metall. Prosjektleiar har lagt til grunn desse prinsippa. Med metall meiner ein sølv eller gull. I praktisk bruk vil metall framstillast som metallisk, grå eller kvit for heraldisk «sølv», og med metallisk eller gul for heraldisk «gull». Det er kva bruksflate ein arbeidar i som vil avgjere korleis metallet vert framstilt.

Det er ikkje like eintydig kva fargar som skal brukast i norske kommune- eller fylkesvåpen. I utgangspunktet er det ynskjeleg å halde seg til den heraldiske farge-tradisjonen, for å ivareta ein eigenarta norsk tradisjon,

og for at våpenet naturleg høyrer heime mellom andre kommune- og fylkesvåpen. Samstundes er denne tradisjonen ikkje påtenkt å fungere i digitale medium, den skriv seg frå ei anna tid. I vår tid vil fargar i våpen i viktige samanhengar være baklyste, til dømes på dataskjerm, mobil eller skuleskilt. Då kan det være tenleg med sterkare kontrastar enn den heraldiske tradisjonen legg opp til.

Dette kan være ein av årsakene til at det i det siste er vedteke ei rekke kommune- og fylkesvåpen som ikkje held seg til den heraldiske fargetradisjonen. Prosjektlear finn det ut frå dette rett å legge mest vekt på kor tenleg fylkesvåpenet vil være i bruk, og å stille seg open for fargekombinasjonar ut over den heraldiske tradisjonen. Prosjektlear vil framleis legge til grunn at fylkesvåpenet skal kunne stå naturleg saman med andre fylkes- og kommunevåpen i Norge.

Samspel mellom fargar og former i komposisjonen påverkar korleis vi oppfattar motivet i fylkesvåpenet. Då fylkesvåpenet skal kunne oppfattast i lite og stort format, på ulike flater og i fart er det vesentleg at auga lett fangar opp hovudelementa i komposisjonen.




I fylkesvåpenet er fjella på kvar side av skjoldet sentrale element, og det er viktig at merksemda vert trekt direkte mot dei slik at ein lett oppfattar motivet i våpenet. Fargar er i tillegg til form det viktigaste virkemiddelet til å framheve motivet i fylkesvåpenet. Likeeins kan fargar vere med å oppløyse komposisjonen. Dette er av di ein del fargar trekk auga til seg, medan andre fargar kjem meir i bakgrunnen.




Fylkesvåpen skal være grunnlag for grafisk profil for Vestland fylkeskommune. For at fylkesvåpenet skal fungere optimalt vil den nye grafiske profilen knytte paletten tett opp til fylkesvåpenet sine fargar. Det er viktig for grafisk profil at det er god kontrast mellom fargane i fylkesvåpenet. Den digitale verda krev meir kontrast for at fylkesvåpenet skal vere tydeleg og fungere godt i små format og på små skjermar, som t.d. mobiltelefon.

Ein god kontrast i fylkesvåpenet vil gjere skilt synlege frå god avstand, og vil være viktig i forhold til UU-krava, t.d. i høve til synshemma.

### **3.3 Vurdering av fargealternativa**

Prosjektlear har vurdert 6 fargealternativ, jf. tabell nedanfor. Her er det brukt ein grå for å framstille metallet «sølv», når bakgrunnen er kvit.

	Forslag til utteikning	Vurdering
Alternativ 1		<p>Naturleg fargebruk i framstilling av motivet, god samanheng mellom motiv og farge</p> <p>Risiko for at kontrasten vil vere mangelfull på baklyste bruksflater som dataskjerm, mobil og skuleskilt</p> <p>Synleg på avstand, i lite og stort format</p> <p>Svarar til formelle krav</p>
Alternativ 2		<p>Naturleg fargebruk i framstilling av motivet, god samanheng mellom motiv og farge</p> <p>God kontrast</p> <p>Synleg på avstand, i lite og stort format</p> <p>Svarar til formelle krav</p>
Alternativ 3		<p>Naturleg fargebruk i framstilling av motivet, god samanheng mellom motiv og farge</p> <p>Risiko for at kontrasten vil vere mangelfull på baklyste bruksflater som dataskjerm, mobil og skuleskilt</p> <p>Synleg på avstand, i lite og stort format</p> <p>Svarar til formelle krav</p>

Alternativ 4	 A shield-shaped logo composed of several geometric shapes. The top is a red triangle. Below it, the left side is a yellow triangle pointing right, and the right side is a yellow triangle pointing left. In the center, there is a red triangle pointing down. The bottom is a red triangle pointing up.	<p>Ikkje optimal fargebruk i framstillinga av motivet</p> <p>Synleg på avstand, i lite og stort format</p> <p>Svarer til formelle krav</p>
Alternativ 5	 A shield-shaped logo composed of several geometric shapes. The top is a blue triangle. Below it, the left side is a green triangle pointing right, and the right side is a green triangle pointing left. In the center, there is a blue triangle pointing down. The bottom is a blue triangle pointing up.	<p>Ikkje optimal fargebruk i framstillinga av motivet</p> <p>Dårleg kontrast, fargane flyt over i kvarandre</p> <p>Vil fungere dårleg for svaksynte og synshemma</p> <p>Svarer ikkje til formelle krav</p>
Alternativ 6	 A shield-shaped logo composed of several geometric shapes. The top is a blue triangle. Below it, the left side is a grey triangle pointing right, and the right side is a grey triangle pointing left. In the center, there is a blue triangle pointing down. The bottom is a blue triangle pointing up.	<p>Naturleg fargebruk i framstilling av motivet, god samanheng mellom motiv og farge</p> <p>Svært god kontrast</p> <p>Synleg på avstand, i lite og stort format</p> <p>Svarar til formelle krav</p>

#### 4 Tilråding frå prosjektleiar

Prosjektleiar vurderer varianten til å være betre eigna som fylkesvåpen for Vestland fylkeskommune enn alternativet som vart lagt fram for Fellesnemnda 19.12.2018. Det har betre truverde, og framstiller motivet på ein betre måte.

Av fargealternativa ovafor vert 4 og 5 ikkje tilrådd. Fargane har ikkje god kontrast og balanse, og den heilskaplege verknaden gjev flimrande verknad. Desse alternativane være utfordrande i møte med UU-krav, t.d. for synshemma. Fargealternativ 1 og 3 vert vurdert å ha for svak kontrast til bruk på baklyste skjermar, ei viktig bruksflate for fylkesvåpenet, og vert ikkje tilrådd.

Isolert sett vurderer prosjektleiar fargealternativ 2 og 6, dei fargejusterte heraldiske kombinasjonane, som brukbare. Prosjektleiar vil også legge vekt på at fylkesvåpen og grafisk profil for Vestland fylkeskommune fungerer godt saman.

For at fylkesvåpenet skal fungere optimalt vil den nye grafiske profilen knytte paletten tett opp til fylkesvåpenet sine fargar. Blått fylkesvåpen vil gje minst avgrensingar for grafisk profil og tilhøyrande palett. Blått er ein mykje enklare farge å kombinere med andre fargar enn grønt, som er ein krevjande farge som vil kunne avgrense paletten i grafisk profil og bakgrunnsval for logo. Det er fleire fargar som ikkje ser bra ut saman med grønt enn tilfelle er for blått. Ein blåfarge vil altså kunne fungere saman med fargenyansar frå alle fargegrupper.

Fylkesvåpenet vil bestå, men grafisk profil og palett vil, slik det er vanleg, justerast noko etter ein del år. Med blå farge har ein difor også fleire fargar å bygge ut ein palett med, enn med grønt farge. Utbygginga av paletten gjeld også fargar som skal kunne fungere saman med hovudfargen.

For grafisk profil for Vestland fylkeskommune er difor blått å føretrekkje framfor grønt i fylkesvåpenet, og fylkesvåpenet vil venteleg kunne stå betre over tid med eit blått alternativ.

Prosjektleiar ser at nabofylka på kysten i vest, Rogaland og Møre og Romsdal, brukar ein blå farge i sine fylkesvåpen. I møte med andre fylkesvåpen vil fargealternativ 6 finne sin plass på ein naturleg måte.

Etter ei samla vurdering kjem prosjektleiar til at fargealternativ 6 (djup blå/sølv) er det beste. Det er meir stabilt enn fargealternativ 2 i møte med andre fargar, i dei mange samanhengane det skal opptre i, og er meir fleksibelt i høve til grafisk profil. Prosjektleiar ser også at nabofylka langs kysten, Rogaland og Møre og Romsdal, har blå farge i sine fylkesvåpen.

**Prosjektleiar tilrår varianten av fagkomitéen sitt tilrådde vinnarforslag, i fargealternativ 6 i djup blå/sølv, til fylkesvåpen for Vestland fylkeskommune:**

